

Sauer og siloballar minner om hausten.

02.10.2015



Siloegg ventar på transport.

Sjølv om vergudane har synt seg frå si beste side, og vi har sluppe fri frå ruskever og stormar som minner oss om at hausten er her, er det andre teikn som minner oss om årstida. Det er ikkje stor aktivitet i potetopptak i bygda lenger, men likevel ser ein teikn på at bøndene er i ferd med å få grøda i hus.



Det er mykje sauer som beiter på bøane.

På Sandabakkane i sentrum ligg i dag dei siste siloegga for denne sesongen og ventar på transport. På ein rundtur i bygda ser vi sauer som beitar på svært mange bøar etter at dei har kome heim frå fjellbeite dei siste vekene. Sjølv om mange lam alt er sendt til slakteriet, er det mykje sau å sjå. Det fortel oss at Uskedalen er ei betydeleg sauebygd. Saueigarar eg har vore i kontakt med, kan fortelja om gode lammevekter sjølv om det leid langt på sommar før dyra kunne sendast på fjellbeite.



Lam som hadde det godt på Ulvanåso til dei kom heim midt i september.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.